

Informasjon om Skattejakt med Arrkom

Startskotet på Skattejakten skjer kl. 12:00 mandagen 5. februar på denne nettsida. Gåtene skal løysast kronologisk, da løysinga på gåta vil opna neste gåte. Det er fleire måtar å svara på ei gåte, for å få tilgang til neste gåte:

- Bilete framfor noko (gjenstand, hus, etc.)
- Snakka med ein i Arrkom
- Tasta inn rett URL på forma *folk.ntnu.no/alexanoj/skattejakt/EnRiktigUrl* Alle norske bokstavar vil erstattast med "aa" for "å", "ae" for "æ" og "oe" for "ø".

Ein URL kan vera "case-sensitive", det vil seia det trengst eksakt URL. Men ikkje alltid ;). Det vil også bli kravd eit understrek "_" dersom løysinga inkluderer fleire ord. Viss det viser seg at løysinga er ein gjenstand, er det ikkje tillate å flytta på han.

Blir du fast på ei gåte og klarer ikkje å løysa ho, kan du spørja Arrkom om hint. Det kan bli spurt om opp til 3 hint per gåte. Merk likevel, at første hint vil gi laget 2 ekstra tima på fullføringstida, andre hint 4 ekstra timar, og tredje hint 8 ekstra timar. I tillegg, er hinta rangerte og det er mogleg å direkte gå til hitt 2 eller 3 dersom de har knokke delar av gåta. For å få hint, sender du e-post til Arrkom på følgjande format:

- **Emnefelt:** Hint gåte (x)
- **Brødtekst:** Hei, Vi vil ha hint på gåte (x). Gruppemedlemmene er: Ola Nordmann, Test Testosteron, Anne Borg... Me har komme *så o så* langt på gåta.

Du vil få svar frå ein privat e-post til ein av medlemmene i Arrkom, for å unngå at enkelte styremedlemmene ikkje ser det. Vennlegast svar tilbake til den private e-posten, av same grunn.

Det er ingen offisiell påmelding, men me ønskjer at de sender ein e-post til arrkom@hc.ntnu.no når de er ferdig eller mot slutten av skattejakta med lagnamn, lagmedlemmer, lagbilete og svarark. Dette svararket vil vera kvalifikasjonen dykkar til premie. På dette arke skal de fylla inn svara på gåtene som de finn ut av. Viss de løyser heile, skal de då ha 20 rette løysingar. Sjølv om de ikkje løyser alt, burde de senda inn svararket, så har de eit høve til å vinna premiar avhenging av korleis resten gjer det.

Svararka skal leverast til Arrkom så fort som mogleg når laget har fullført Skattejakten. Fullføringstida vil bli berekna frå når arket er levert til Arrkom. Alle svarark skal likevel vera Arrangementskomiteen i hende seinast søndag 11. februar kl. 23:59

Bokmål

Startskuddet på Skattejakten skjer kl 12:00 mandagen 5. februar på denne nettsida. Gåtene skal løses kronologisk, da løsningen på gåten vil åpne neste gåte. Det er flere måter å svare på en gåte, for å få tilgang til neste gåte:

- Bilde foran noe (gjenstand, hus, etc.)
- Snakke med en i Arrkom
- Tasta inn rett URL på forma *folk.ntnu.no/alexanoj/skattejakt/EnRiktigUrl* Alle norske bokstaver vil erstattes med "aa" for "å", "ae" for "æ" og "oe" for "ø".

En URL kan være "case-sensitive", det vil si det kreves eksakt URL. Men ikke alltid ;). Det vil også bli krevd et understrek "_" dersom løsningen inkluderer flere ord. Hvis det viser seg at løsningen er en gjenstand, er det ikke tillatt å flytte på den.

Blir du fast på en gåte og klarer ikke å løse den, kan du spørre Arrkom om hint. Det kan bli spurt om opp til 3 hint per gåte. Merk dog, at første hint vil gi laget 2 ekstra time på fullføringstiden, andre hint 4 ekstra timer, og tredje hint 8 ekstra timer. I tillegg, er hintene rangert og det er mulig å direkte gå til hint 2 eller 3 dersom dere har knekket deler av gåten. For å få hint, sender du e-post til Arrkom på følgende format:

- **Emnefelt:** Hint gåte (x)

- **Brødtekst:** Hei, Vi vil ha hint på gåte (x). Gruppemedlemmene er: Ola Nordmann, Test Testosteron, Anne Borg... Vi har kommet *så o så* langt på gåten.

Du vil få hint fra en privat e-post til en av medlemmene i Arrkom, for å unngå at enkelte styremedlemmer ikke ser det. Vennligst svar tilbake til den private e-posten, av samme grunn.

Det er ingen offisiell påmelding, men vi ønsker at dere sender en e-post til arrkom@hc.ntnu.no når dere er ferdig eller mot slutten av skattejakten med lagnavn, lagmedlemmer, lagbilde og svarark. Dette svararket vil være deres kvalifikasjon til premie. På dette arket skal dere fylle inn svarene på gåtene som dere finner ut av. Hvis dere løser hele, skal dere da ha 20 riktige løsninger. Selv om dere ikke løser alt burde dere sende inn svararket, så har dere en mulighet til å vinne premier avhengig av hvordan resten gjør det.

Svararkene skal leveres til Arrkom så fort som mulig når laget har fullført Skattejakten. Fullføringstiden vil bli beregnet fra når arket er levert til Arrkom. Alle svarark skal dog være Arrangementskomiteen i hende senest søndag 11. februar kl. 23:59.